



Kina i 2030: Boka Å fø 1,5 milliardar kinesarar i 2030 (Alain Bonjean, Marie Hélène Schwab, Carole Ly, Delphine Boinet: Nourrir 1,5 milliards de Chinois en 2030, forlaget deBoeck, 2014) gjev eit godt innsyn i dei enorme omveltingane som går føre seg i Kina, skriv Åsmund Bjørnstad i kronikken.

Det store hamskiftet i kinesisk landbruk

Det er ikkje ofte ein kjem over grundige og dagsaktuelle analysar av landbruket i Kina av folk som kjenner det innanfrå. Det gjer franskmannen Alain Bonjean, som i 15 år leidde den kinesiske avdelinga til det franske såvaresamvirket Limagrains, verdas fjerde største i såvarer.

KRONIKK

Tekst: Åsmund Bjørnstad

Foto: Ola Wong

Først dei naturgjevne vilkåra: Kina er mest fjell, 66 prosent ligg over 1000 m, og det dyrka arealet ligg mest i lågland frå Yangtse til Gule elv og nordetter til Heilongjiang. Kring 80 prosent av folket bur her. Av kornjorda er 75 prosent vatna, men 80 prosent av vatnet finst i sør, 30 prosent i nord, og i mengd har kvar kinesar 1/3 av verdsgjennomsnittet. Det er gigantiske kanalprosjekt på gang.

På 6,4 prosent av åkerjorda (eitt dekar på kvar) og med 5 prosent av vatnet før Kina 19 prosent av verda. Dette er mogleg ved intensiv drift: To eller tre avlingar i året, sortar med kort veksttid og samplanting, svært høg innsats av kunst- og biologisk gjødsel, sprøytemiddel, og fisk, gris og kylling framfor stor- og småfe, og fjellbeite. Kina tilpassar agronomien i takt med klimaendringane – sortar med lengre veksttid i nord, meir sparsam vatning i «Middens rike».

Det store vendepunktet kom då Deng Xiaoping erstatta folkekommunen med familiebruket i 1978. Kina vart eit småbrukarland, med eit gjennomsnitt på 4 dekar. Alt i 1984 var kornavlinga pr. dekar nær 50 større. Det vart investert stort i vegar, vatning, innsatsmiddel, utdanning. Bønder nær byane la om frå korn til lønsame grønnsaker, frukt eller fiskeoppdrett. Kina er sidan 1990 blitt verdas suverent største epleprodusent. Frå 1980 til 2000 lyfte høgare produksjon og prisar levestandarden på landsbygda.

Men ho sakkar stadig meir etter byen. Langt dei fleste av den nye middelklassen, 400 millionar, bur der, og dit flyttar 10–20 millionar i året. Dei vil bytte dei «tre vanane på landet» – jorda, bruksretten, skogteigen – med dei «fem i byen»: jobb, utdanning, helsestell, hus og pensjon. Fol-

keregisteret (*hukou*) krev flytteløyve, og mindre byar gjev slike løyve, men få store.

I Beijing og Shanghai blir dei innflytta eit «flytande» proletariat, som utan bustad i byen held på garden og kjem heim til foreldra og borna i onnene. Drifta blir deretter: mindre innsats og produksjon. Sentrale styresmakter vil ha eit hamskifte på landsbygda, med større og mekaniserte familiebruk, særleg i korn, men enno er få bruk over 7 dekar. Kina har som mål å vere 95 prosent sjølvforsynt med korn. Kjem dei ned i 90 prosent, bli dei fort største importøren, og i 2035 kan dei trenge 20 prosent av dagens handel på verdsmarknaden. Slikt merkast. Bruken av mais til drivstoff ser dei derfor på som uansvarleg.

For middelklassen har krav til livet. Kveitebrød, kjøt, *fast food* er greiare enn å koke ris og «franske» brødvantar er «in», som elles i Asia. Og livsstilssjukdomane aukar sterkt. Kina har høgare prosent med diabetes enn USA, endå få er feite. Ein grunn kan vere at mange åt så mager kost før at gjestebodskost kvar dag gjer dei meir utsette. Det store spranget – som boka kallar *Den store hungeren* – i åra 1958-60, sit i mergen på dei eldre. Den har mellomgenerasjonen fått høyre om kvar gong dei ikkje åt opp.

Middelklassen vil derfor ha «helse». Dei er svært vare for ureiningar i maten. Etter skandalen i 2006 med melanin i kinesisk tørrmjølk gjev foreldre gjerne tre gonger dyrare importert til einbarnet. Tilfelle av muskeldopa sviner kjøt har og sådd stor skepsis. Gravide engstar seg for om dei mange spontanabortane kjem av hormon i kylling- og grisefø. Mat merka «bio-

«Mat merka biologisk, grøn, importert vinn stadig større marknad i Kina»



Åsmund Bjørnstad, professor ved NMBU

logisk», «grøn», «importert» vinn stadig større marknad. Ris med smak (importert jasmin eller landssortar) vinn mot hybridrisen, som har gjort Kina i stand til å fø stadig fleire på mindre areal.

Produksjonen av svin og fjørfe har flytta seg frå tunet til fabrikkar der gjødsel går rett ut. Mange ligg langt unna jordbruksområda. Nye, med anlegg for metangass og biogjødsel, krev svære investeringar. Annankvar gris er i dag «kinesisk», men 70 prosent av føret er genmodifisert soya frå Brasil, som og gjev matolja på kjøkkenet. Her har Kina resignert på sjølvforsyninga. Då kinesiske bønder skifte til GM-bomull på få år, fall bruken av insektmiddel og helseskadane med 2/3. GM-mais til før vart godkjend som «trygg» i 2009.

Men styresmaktene held, fram til no, GM unna maten. Middelklassen er nemleg skeptisk, fordi det vil svekke den nasjonale kontrollen. Frøsektoren er nemleg i stor grad stengd for utlendingar, like eins husdyrvaksinar og avlsmaterial i storfe. Når det gjeld svin, kjøpte Shanghai-gruppa i 2013 verdas største produsent Smithfield for 4,7 milliardar dollar – ikkje minst for kompetansen i drift og avl.

Allereie i 2020 vil ein milliard menneske bu i 225 millionbyar (Europa har 35). Kva vil då skje med ei avfolkande landsbygd? Utviklinga av større familiebruk går altså seinare enn styresmaktene vil. Korleis få unge til å tru på at jordbruket er ei næring for dei moderne og utdanna? Staten oppmodar til samvirke og felleskjøp, men skuggen frå folkekommunane gjer at bøndene nøler og i liten grad ser dei som sine demokratiske reiskapar. Små entreprenørar har langt på veg mekanisert våronn og skurdonn i dei gode områda, men etter hausting er det lite nytt. Konglomerata som styrer matvarekjeda prøver å «tilsette» bøndene. Det er eit uklart bilete, med store krefter i sving som vil vedkome oss i ukjend grad. ■